



Styre: Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Dato: 09.10.2021

Styresak: 67/21

Arkivsaksnr: 2021/12199-RAL

Møtedato: 26.10.2021

Dimensjonering av opptakssrammer, studieåret 2022-2023

Dokument i saka

- Studiestyresak 39/21: Dimensjonering av opptakssrammer studieåret 2022-2023
- Brev frå institutta
- Tabell med opptakssrammer, studieåret 2022-2023
- Brev til Studieavdelinga

Bakgrunn

Universitetsstyret vedtek opptakssrammer for komande studieår i november/desember-møtet, etter føregåande handsaming i Utdanningsutvalet (UU). Fakultetet sendte 8. oktober Studieavdelinga eit førebels forslag til opptakssrammer. Endeleg forslag til opptakssrammer vil bli sendt til Studieavdelinga etter at forslaget har vorte handsama av fakultetsstyret.

For nærare omtale av vurderingane bak forslaget til opptakssrammer for 2022-2023, sjå gjerne studiestyresak 39/21.

Dekanen sine kommentarar

Protokoll frå studiestyremøtet 6. oktober er i skrivande stund ikkje ferdigstilt, men Studiestyret vedtok opptakssrammene slik dei var lagt fram.

Studiestyret drøfta kort opptakssrammene på nokre av studieprogramma der opptaket dei siste åra har vore betydeleg høgare enn opptakssrammene.

Framlegg til vedtak:

Fakultetsstyret vedtek opptakssrammene slik dei er føreslått.

Camilla Brautaset
dekan

Kim Ove Hommen
fakultetsdirektør

Vedlegg

- 1 Vedlegg: brev frå institutta
- 2 Tabell med opptakssrammer, studieåret 2022-2023
- 3 Brev til Studieavdelinga



Det humanistiske fakultet

Referanse

2021/12199-SIN

Dato

28.09.2021

Svar frå LLE: Framlegg til dimensjonering av opptaksrammer ved HF

Vi viser til brev datert 31. august 2021 der dekanen ber om innspel til framlegget til dimensjonering av opptaksrammer ved HF. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium har ingen kommentarar ut over at framlegget ser ut til å vere i tråd med det som tidlegare har vore diskutert.

Venleg helsing

Anders Fagerjord
instituttleiar

Signe Nilssen
studieleiar

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Institutt for lingvistiske, litterære og
estetiske studium
Telefon 55582400

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydnesplassen 7
Bergen

Sakshandsamar
Signe Nilssen
55588823



Det humanistiske fakultet

Referanse

2021/12199-HAMI

Dato

01.10.2021

Svar frå IF: Framlegg til dimensjonering av opptaksrammer ved HF - studieåret 2022/2023

Vi viser til brev datert 31. august 2021 der dekanen ber om innspel til framlegget til dimensjonering av opptaksrammer ved HF.

Institutt for framandspråk har ingen kommentarar til opptaksrammene for årsstudium og bachelorprogram.

Når det gjeld opptaksrammene for masterprogram, så ser vi at det er foreslått eit kutt på 50% for opptaksrammene til masterprogrammet i spansk språk og latinamerikastudium. Dette er eit drastisk kutt, og vi ber fakultetet vurdere å redusere dette kuttet. I dialogen om oppretting av masterprogram om kinesiske studium så har instituttet fått tilbakemelding frå både fakultetsstyret og UiB sin studiekvalitetskomité der det er kommentert at eit lågt tal studieplassar kan vere utfordrande for læringsmiljø. Instituttet ønskjer å imøtekomme dette og ber om at fakultetet tar omsyn til dette i fordeling av opptaksrammer.

Venleg helsing

Kevin McCafferty
fungerande instituttleiar

Hanne Svanholm Misje
fungerande studieieiar

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudium
Telefon 55 58 23 82
fof@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydnesplass 12-13
Bergen

Sakshandsamar
Ståle Melve
55583271



Det humanistiske fakultet

Referanse

2021/12199-STME

Dato

04.10.2021

Svar frå FoF: Framlegg til dimensjonering av opptaksrammer ved HF - studieåret 2022-2023

Syner til brev datert 31. august 2021 der dekanen ber om innspel til framlegget til dimensjonering av opptaksrammer ved HF.

FoF har ingen kommentarar til opptaksrammene for årsstudium og bachelorprogram.

Når det gjeld masterprogrammet vil det vere rom for å ta opp omlag 8 fleire studentar enn kva ramma dikterer, om det skulle bli aktuelt.

Steinar Bøyum
instituttleder

Ståle Melve
rådgjevar

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Det humanistiske fakultet

Referanse

2021/12199-IDT

Dato

29.09.2021

Svar frå SKOK:Framlegg til dimensjonering av opptaksrammer ved HF - studieåret 2022-2023

SKOK ønsker at opptaksrammene for Årsstudium i kjønn, seksualitet og mangfald aukast til 40, sidan vi år etter år tek opp mange fleire studentar enn dei 15 plassane som her er foreslått som opptaksramme.

Venleg helsing

Kari Jegerstedt
senterleiar

Idunn Bjørlo Tandstad
seniorkonsulent



Det humanistiske fakultet

Referanse

2021/12199-JUWA

Dato

05.10.2021

Svar fra AHKR: Framlegg til dimensjonering av opptaksrammer ved HF - studieåret 2022-2023

AHKR støtter den fremlagte dimensjoneringen av opptaksrammer ved HF.

Vennlig hilsen

Teemu Ryymiin
instituttleder

Julie Alver Tønsaker
rådgiver

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og
religionsvitenskap
Telefon

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Øysteins gate 1
Bergen

Saksbehandler
Julie Alver Tønsaker
55583025

Studiekode	Studieprogram	Plasser 2021/22	Plasser 2022/23
<i>Grunnstudier</i>			
184 170	Årsstudium i engelsk	24	24
184 366	Årsstudium i filosofi	15	15
184 174	Årsstudium i fransk	8	8
184 179	Årsstudium i historie	40	40
184 222	Årsstudium i kjønn, seksualitet og mangfold	15	15
184 272	Årsstudium i kunsthistorie	30	30
184 211	Årsstudium i nordisk	35	35
184 911	Årsstudium i norsk som andrespråk	13	13
184 910	Årsstudium i religionsvitenskap	20	20
184 912	Årsstudium i spansk språk og latinamerikastudier	10	10
184 244	Årsstudium i tysk	8	8
184 923	Bachelorprogram i arabisk	15	15
184 478	Bachelorprogram i arkeologi	40	40
184 472	Bachelorprogram i digital kultur	55	55
184 887	Bachelorprogram i engelsk	65	65
184 479	Bachelorprogram i filosofi	40	40
184 888	Bachelorprogram i fransk	10	10
184 481	Bachelorprogram i historie	115	115
184 565	Bachelorprogram i italiensk	10	10
184 582	Bachelorprogram i japansk	30	30
184 592	Bachelorprogram i kinesisk	20	20
184 873	Bachelorprogram i kjønnsstudier	15	15
184 455	Bachelorprogram i klassisk filologi	10	10
184 200	Bachelorprogram i kulturvitenskap	20	20
184 475	Bachelorprogram i kunsthistorie	35	35
184 922	Bachelorprogram i litteraturvitenskap	45	45
184 889	Bachelorprogram i nordisk språk og litteratur	30	30
184 074	Bachelorprogram i norrøn filologi	5	5
184 954	Bachelorprogram i norsk som andrespråk	10	10

184 929	Bachelorprogram i religionsvitenskap	27	27
184 909	Bachelorprogram i retorikk	15	15
184 886	Bachelorprogram i russisk	15	15
184 924	Bachelorprogram i spansk språk og latinamerikastudium	30	30
184 893	Bachelorprogram i språkvitenskap	15	15
184 692	Bachelorprogram i teatervitenskap	15	15
184 890	Bachelorprogram i tysk	10	10
	Lektorutdanning med master i fremmedspråk (engelsk, fransk, spansk eller tysk)	42	42
184 844	<i>Lektor, 8.-13. trinn, engelsk</i>	24	24
184 686	<i>Lektor, 8.-13. trinn, fransk</i>	4	4
184 935	<i>Lektor, 8.-13. trinn, spansk</i>	10	10
184 689	<i>Lektor, 8.-13. trinn, tysk</i>	4	4
	Lektorutdanning med master i historie eller religionsvitenskap	53	53
184 684	<i>Lektor, 8.-13. trinn, historie</i>	28	28
184 580	<i>Lektor, 8.-13. trinn, religionsvitenskap</i>	25	25
184 817	Lektorutdanning med master i nordisk	39	39
Totalt		1049	1049
Master			
1845607	Erfaringsbasert master i undervisning med fordypning i engelsk	10	10
1845608	Erfaringsbasert master i undervisning med fordypning i norsk	10	10
1845603	Masterprogram i allmenn litteraturvitenskap	10	10
1845604	Masterprogram i arkeologi	10	10
1845605	Masterprogram i digital kultur	9	9
1845606	Masterprogram i engelsk	16	15
1845609	Masterprogram i filosofi	11	11
1845610	Masterprogram i fransk	4	3
1845611	Masterprogram i gresk	2	2
1845612	Masterprogram i historie	30	30
1845613	Masterprogram i italiensk	4	0
	Masterprogram i kinesisk		5
1845614	Masterprogram i kulturvitenskap	5	4

1845615	Masterprogram i kunsthistorie	10	8
1845616	Masterprogram i latin	2	2
1845617	Masterprogram i lingvistikk	5	5
1845618	Masterprogram i nordisk språk og litteratur	12	8
1845619	Masterprogram i norrøn filologi	2	2
1845620	Masterprogram i religionsvitenskap	8	7
1845621	Masterprogram i russisk	4	3
1845622	Masterprogram i spansk og latinamerikastudier	8	4
1845623	Masterprogram i teatervitenskap	5	4
1845624	Masterprogram i tysk	3	3
	Masterprogram i bærekraft	20	20
1845625	Bærekraft: Klimaendringer og energiomstilling	5	5
1845626	Bærekraft: Marin bærekraft	5	5
1845627	Bærekraft: Globale samfunnsutfordringer	10	10
<i>Totalt</i>		200	185
<i>Andre</i>			
	Norsk for utenlandske studenter	80	80
Totalt HF		1329	1314



Studieavdelingen

Referanse

2021/2362-RAL

Dato

08.10.2021

Innmelding av opptakssrammer for Det humanistiske fakultet, studieåret 2022-2023

Det humanistiske fakultet sender med dette inn foreløpige opptakssrammer til studieåret 2022-2023. Opptakssrammene har vært fremlagt for Studiestyret, og skal behandles i Fakultetsstyret den 26.10. Endelig vedtatte opptakssrammer vil bli ettersendt den 27.10.

Beskrivelse av endringer i opptakssrammene

Grunnstudier: vi foreslår ingen endringer i opptakssrammene på grunnstudiene.

Vi gjør oppmerksom på at tabellen som lå ved brevet fra Studieavdelingen hadde feil opptakssramme for lektorprogrammene, der vi fra 2021 fikk tildelt ni nye plasser. Disse var omdisponert fra PPU-plasser, etter vedtak i styringsgruppen for lektorutdanningen ved UiB i 2020. Opptakssrammene er korrigert i vedlagte tabell, og rettelser er merket med rødt.

Masterprogram: HF fikk i 2021 et nytt tverrfakultært masterprogram i bærekraft, og fikk da tilført 15 studieplasser i rammen. Vi gikk fra 185 studieplasser til 200 studieplasser i 2021. 2022 blir det siste året i en femårig omdisponering av til sammen 73 masterstudieplasser til 29 lektorstudieplasser, og den samlede opptakssrammen til toårige masterprogram reduseres med 15 studieplasser. I 2022 vil HF dermed igjen ha 185 studieplasser til toårige masterprogram. Det er gjort justeringer i opptakssrammene til en del av masterprogrammene, se vedlagte excel-tabell.

Fra 2022 starter masterprogrammet i kinesisk opp¹. Dette lyses ut med 5 plasser, og vil ha opptak annethvert år. Masterprogrammet i italiensk har også opptak annethvert år, og var i 2021 lyst ut med 4 plasser. Kinesisk og italiensk lyses etter planen ut hvert sitt år.

Oversikt over forslag til opprettelse/nedleggelse av studieprogram i 2022

Det planlegges ikke nedleggelse av studieprogram i 2022.

Beskrivelse av hvordan omdisponeringer skal foregå

¹ Med forbehold om vedtak i Universitetsstyret i november.

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Se over.

Fordeling av plasser på studieretninger

Vi har studieretninger på to av lektorprogrammene (fremmedspråk og historie eller religionsvitenskap) og på masterprogrammet i bærekraft. Opptaksrammen på den enkelte studieretning er oppgitt i vedlagte tabell.

Vennlig hilsen

Svein Ivar Angell
visedekan

Ranveig Lote
studiesjef

Sak: 39/21

Møte: 06.10.2021

SAK 39/21: Dimensjonering av opptakssrammer studieåret 2022-2023

Dokumenter i saken:

- Brev frå Studieavdelinga
- Brev til institutta
- Framlegg til opptakssrammer for 2022-2023

Bakgrunn:

Universitetsstyret vedtek opptakssrammer for komande studieår i november/desember-møtet, etter føregåande handsaming i Utdanningsutvalet. Fakultetet har fått frist 8.10. for å senda eit førebels framlegg til opptakssrammer til Studieavdelinga, medan vi har avtale om å ettersenda fakultetsstyret sitt vedtak i saka etter handsaming i fakultetsstyremøte 26.10.

Studiestyret får opptakssrammene til vurdering og kan gje innspel til fakultetsstyret i saka.

Institutta har hatt moglegheit til å gje innspel til fakultetet i saksførebuinga, og SKOK, FOF, LLE og IF har nytta høvet til å gjere dette.

Institutt for filosofi og førstesemesterstudium (FOF) har ingen kommentarar til opptakssrammene for årsstudium og bachelorprogram, men melder at det vil vera rom for å ta opp omlag åtte fleire studentar enn kva ramma dikterer, om det skulle bli aktuelt.

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE) har ingen kommentarar ut over at framlegget ser ut til å vera i tråd med det som tidlegare har vore diskutert.

Institutt for framandspråk (IF) har ingen kommentarar til opptakssrammene for årsstudium og bachelorprogram, men ønskjer at det føreslåtte kuttet på master i spansk vert redusert noko og at ramma på master i kinesisk vert heva for å stetta tilbakemeldingar frå fakultetsstyret og studiekvalitetskomiteen.

Senter for kvinne- og kjønnsstudier (SKOK) ønskjer at opptaksramma på årsstudiet i kjønn, seksualitet og mangfald vert justert opp frå 15 til 40 plassar for å synleggjere at det dei siste åra har vorte tatt opp mange fleire studentar enn dei 15 plassane i den gjeldande opptaksramma.

Visedekans merknader:

Fakultetet har eit samla antal studieplassar innan høvesvis årsstudium, bachelorprogram, lektorutdanning og masterprogram og plassane innafor kvar kategori må fordelast på dei programma vi har. På masterprogramma vert fakultetet si ramme redusert med 15 plassar frå 2021 til 2022, og det er såleis uunngåeleg å redusera opptaksramma på fleire program. Det vil i alle tilfelle vere mogleg å ta opp fleire studentar enn opptaksramma dersom ein har fleire kvalifiserte søkjarar.

Det er dermed heilt uproblematisk at filosofi ønskjer seg å ta opp fleire studentar enn dei 11 plassane i ramma. På same vis vil også master i spansk også kunne ta opp så mange studentar som ønskjeleg, dersom ein får kvalifiserte søkjarar. Eit mindre kutt i ramma på spansk ville innebera eit større kutt i andre program. På same vis vil ei høgare opptaksramme på kinesisk bety at ein må kutte i opptaksramma på andre program. Så mange som 11 av dei totalt 24 masterprogramma ved HF har ei opptaksramme på fem plassar eller mindre, slik at dette er like mykje normalen ved fakultetet enn at det er noko særskilt.

For årsstudia gjeld at fakultetet normalt har ei relativt stor overbooking samla sett, og på nokre program er denne betydeleg. Fakultetet ser likevel ikkje i denne omgangen rom for å auke ramma til 40 på kjønn, seksualitet og mangfald, då dette inneber eit tilsvarande kutt på andre årsstudium. Årsstudentane er i mange høve heller ikkje fulltidsstudentar og eit høgare opptak tar omsyn til dette. I snitt produserer årsstudentar ved HF rundt 29 studiepoeng per år, noko som tyder på at det i praksis er slik at to årsstudentar tilsvarar éin fulltidsstudent.

Forslag til vedtak:

Studivstyret tar opptaksrammene til etterretning.

Svein Ivar Angell
visedekan

Ranveig Lote
Studiesjef